



# Innst. S. nr. 60

## (2004-2005)

### Innstilling til Stortinget fra forsvarskomiteen

St.prp. nr. 21 (2004-2005)

#### **Innstilling fra forsvarskomiteen om endringar i løyvingar mv. i forsvarsbudsjettet for 2004**

Til Stortinget

#### **1. SAMMENDRAG**

I denne proposisjonen legg Regjeringa fram forslag om visse endringar i løyvingar i forsvarsbudsjettet for 2004 for å skape samsvar mellom løyvingane under dei einskilde kapitla og postane samt dei endringane i budsjettføresetnadene som har skjedd sidan forsvarsbudsjettet for 2004 vart utarbeidd.

Omgrupperingsproposisjonen formaliserer lønnskompensasjonen for 2004, kompensasjon for innføring av el-avgift i 2004, nedtrekk i 2004 grunna overskridinger i 2003, innsparing i samla utgiftsramme, tilpassing av løyvinga i samsvar med endringar i føresetnadene,

oppdatering og formalisering av inntekter samt formalisering av tekniske endringar mellom kapitla. Totalt sett utgjer omgrupperinga ein reduksjon i løyvinga til Forsvarsdepartementet på 52 mill. kroner.

#### **1.1 Omgruppering: Forhold som endrar ramma for 2004-budsjettet**

##### **1.1.1 Økonomisk grunnlag for omgrupperinga**

Grunnlaget for omgrupperinga er vedtatt budsjett for 2004, lagt til seinare endringar gjort av Stortinget, fullmakter gitt av Stortinget til Finansdepartementet som ikkje kjem fram som løyvingsendring under dei einskilde departementa og midlar ført over frå 2003. Det er òg tatt omsyn til forsvarssektorens del av lønnskompensasjonen for 2004 (292,399 mill. kroner) samt forsvarssektorens del av kompensasjonen til statlege verksemder som følgje av innføring av el-avgift (22 mill. kroner).

*Tabell 1.1 Faktisk løyving på utgiftssida, før omgruppering 2004, kjem fram slik (i 1 000 kroner):*

Vedtatt budsjett 2004	29 215 569
Innsparing i departementa sine utgiftsrammer på 75 mill. kroner, fullmakt gitt av Stortinget til Finansdepartementet. Forsvarsdepartementet sin del utgjorde 20,227 mill. kroner, jf. Budsjett-innst. S. nr. 1 (2003-2004) .....	-20 227
St.prp. nr. 73 (2003-2004) Om endringar i Regulativ for tillegg o.a. til utskrivne vernepliktige mannskap ("soldatproposisjonen"), jf. Innst. S. nr. 235 (2003-2004) .....	23 433
Innsparing i departementa sine utgiftsrammer på 58,5 mill. kroner, fullmakt gitt av Stortinget til Finansdepartementet i samband med St.prp. nr. 63 (2003-2004) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2004, jf. Innst. S. nr. 250 (2003-2004). Forsvarsdepartementet sin del utgjorde 15,819 mill. kroner .....	-15 819
Kompensasjonen til statlege verksemder som følge av innføring av el-avgift (R-8/2004) .....	22 000
Lønnsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet .....	292 399
= Faktisk løyving før omgruppering .....	29 517 355
Midlar ført over frå 2003 .....	404 823
Disponible midlar i 2004 før omgruppering .....	29 922 178

*Tabell 1.2 Disponibel løying på inntektssida før omgruppering 2004 kjem fram slik (i 1 000 kroner):*

Vedtatt budsjett 2004 .....	694 388
St.prp. nr. 63 (2003-2004) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2004, jf. Innst. S. nr. 250 (2003-2004) .....	165 000
= Løyvingar før omgruppering .....	859 388

### **1.1.2 Nedtrekk grunna meirforbruk/inntektssvikt i 2003**

Avslutninga av rekneskapen for 2003 synte eit meirforbruk/inntektssvikt under:

1. Kap. 1710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg post 24 Driftsresultat, på 210,800 mill. kroner. Inntektssvikten var på 210,800 mill. kroner og vert dekt ved at ramma for 2004 vert foreslått redusert tilsvarende. Dette skuldast i hovudsak uteståande husleige for 2003 frå Forsvarets militære organisasjon.
2. Kap. 1733 Luftforsvaret post 1 Driftsutgifter, på 139,535 mill. kroner. Totalt meirforbruk var på 139,535 mill. kroner og vert dekt ved at ramma for 2004 vert foreslått redusert tilsvarende. Kap. 1733 Luftforsvaret hadde ei rekneskapsført overskridning på 139,5 mill. kroner i 2003. Justert for posteringsav teknisk karakter var reell overskridning ca. 45 mill. kroner.

3. Kap. 1760 Nyskaffingar av materiell og nybygg og nyanlegg post 45 Større utstyrsskaffingar og vedlikehald, på 24,201 mill. kroner. Totalt meirforbruk var på 24,201 mill. kroner og vert dekt ved at ramma for 2004 vert foreslått redusert tilsvarende.

### **1.1.3 Netto meirinntekter i 2004**

I forhold til vedtatt budsjett for 2004 er det ei netto meirinntekt (brutto meirinntekter minus mindreinntekter) på 322,5 mill. kroner som er foreslått lagt til utgiftssida. Det vert i denne samanhengen vist til Forsvarsdepartementet sin merinntektsfullmakt i St. prp. nr. 1 (2003-2004) under romertalsvedtak II.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen, under forslag til vedtak, at utgiftsramma vert redusert med 52,036 mill. kroner og at inntektsramma vert auka med 322,5 mill. kroner.

*Tabell 1.3 Løyvingsbehov på utgiftssida i samband med omgrupperingsproposisjonen vert slik (i 1 000 kroner):*

Nedtrekk grunna meirforbruk i 2003 .....	-374 536
Auke på utgiftssida grunna meirinntekter førde til utgiftssida .....	322 500
= Sum behov ved omgrupperinga .....	-52 036
+ Løyvingar før omgrupperinga .....	29 517 355
= Samla løyvingar etter omgrupperinga .....	29 465 319
= Samla disponible løyvingar etter omgrupperinga .....	29 870 142

*Tabell 1.4 Løyvingsbehovet på inntektssida i samband med omgrupperingsproposisjonen vert slik (i 1 000 kroner):*

Løyvingar før omgrupperinga .....	859 388
Netto meirinntekter .....	322 500
= Løyvingar etter omgrupperinga .....	1 181 888

### **1.1.4 Utgifter**

Tala i tabellane nedanfor syner netto endringar på dei ulike postane. Utgiftstabellen er inklusiv fordeling av netto meirinntekter.

*Tabell 1.5 Postfordeling utgifter (i 1 000 kroner)*

Post	Formål	Mindreutg. - Meirutg. +
1	Driftsutgifter .....	45 509
21	Spesielle driftsutgifter .....	8 000
24	Driftsresultat Forsvarsbygg .....	-10 800
43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet .....	-20 000
45	Store nyskaffingar .....	46 797
47	Nye bygg og anlegg .....	-83 181
48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid .....	-76 500

Post	Formål	Mindreutg. - Meirutg. +
50	Overføringer til statsinstitusjonar .....	50 000
51	Tilskot til Forsvarets forskingsinstitutt .....	9 500
70	Renter løneordning .....	-5 000
71	Overføring til andre .....	-344
75	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid .....	-50 000
78	Noregs tilskot til NATO sitt driftsbudsjett .....	35 000
90	Lån til private .....	-1 017
	Sum .....	-52 036

### 1.1.5 Inntekter

Tabell 1.6 Postfordeling inntekter (i 1 000 kroner)

Post	Formål	Mindreinnt.- Meirinnt. +
1	Driftsinntekter .....	160 000
45	Store nyskaffingar .....	33 000
47	Sal av eigedom .....	175 000
48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsinntekter .....	-50 000
90	Lån til bustadformål .....	4 500
	Sum .....	322 500

## 2. HOVEDTREKK VED DE STØRSTE UTGIFTS- OG INNTEKTSENDRINGENE PÅ POSTNIVÅ

### 2.1 Utgifter

#### 2.1.1 Post 1 Driftsutgifter

Post 1 er foreslått auka med 45,5 mill. kroner. Auken skuldast ei rekke omdisponeringar til og frå posten. Post 1 er foreslått tilført 164,5 mill. kroner i meirinntekter, 10 mill. kroner for innleige av revisjonskompetanse for kvalitetssikring av rekneskapsførselen i Forsvaret, 10 mill. kroner for å auke Sjøforsvaret sin seglingsaktivitet og 34 mill. kroner til avgangsstimulerande tiltak i samband med omstillinga av verksemda i Forsvarsbygg. Omdisponeringane frå posten gjeld 50 mill. kroner til finansiering av utgifter til Statens Pensjonskasse og 139,534 mill. kroner er tilbakeført til statkassen grunna overskridinger i 2003. I tillegg er det gjort ei rekke andre mindre justeringar mellom postar som samla gir ein auke på 16,534 mill. kroner.

Elles er det gjort omdisponeringar mellom kapittel/postar basert på analysar og vurderingar, inkludert prognosar, for forbruk på slutten av året. Følgjande vesentlege endringar er gjort på dei einskilde kapitla:

#### KAP. 1700 FORSVARSDEPARTEMENTET

Kapitlet er foreslått auka med netto 40,6 mill. kroner på post 1. Auken skal dekkje for lite budsjetterte lønnsutgifter i samband med integrert strategisk leiing samt teknisk justering av konsulentkostnader mellom anna i samband med grunnlagsarbeidet for utarbeiding av St.prp. nr. 42 (2003-2004) Den videre moderniseringen av Forsvaret i perioden 2005-2008. Konsulentkostnadene var planlagt nytta på kap. 1725 Fellesinstitusjo-

nar og utgifter under Forsvarsstabben, post 1, men er no overført til kap. 1700 Forsvarsdepartementet, post 1, der utgiftene hører heime.

#### KAP. 1719 FELLESUTGIFTER OG TILSKOT TIL FØRETAK UNDER FORSVARSDEPARTEMENTET

Kapitlet er foreslått auka med netto 30,3 mill. kroner. Auken gjeld midlar til avgangsstimulerande tiltak i samband med omstilling av verksemda i Forsvarsbygg samt dekking av meirutgifter ved gjennomføring av heilskapsplanlegging i Forsvarsbygg.

#### KAP. 1720 FELLES LEIING OG KOMMANDOAPPARAT

Kapitlet er foreslått redusert med 41,9 mill. kroner. Reduksjonen skuldast ei rekke omdisponeringar til og frå kapitlet i samband med naudsynt styrkjing av tenesta i samsvar med oppdragsmengda ved Fellesoperativt hovudkvarter og redusert omfang av øvinga "Joint Winter 04".

#### KAP. 1723 NASJONAL SIKKERHETSMYNDIGHET

Kapitlet er foreslått redusert med 2,125 mill. kroner grunna for mykje tilførte midlar i 2004.

#### KAP. 1725 FELLESINSTITUSJONAR OG UTGIFTER UNDER FORSVARSSTABEN

Kapitlet er foreslått redusert med 314,8 mill. kroner. Reduksjonen skuldast ei rekke omdisponeringar til og frå kapitlet. Lønnskompensasjonen er fordelt til dei ulike kapitla (170 mill. kroner), finansiering av utgifter til Statens Pensjonskasse (50 mill. kroner) og finansiering av datavarehusløsing til Forsvarets logistikkorganisasjon (13 mill. kroner) samt midlar for naudsynt styrkjing av tenesta på andre kapittel og postar (netto

61 mill. kroner). Vidare er konsulentkostnadene i samband med grunnlagsarbeidet for utarbeiding av St.prp. nr. 42 (2003-2004) Den videre moderniseringen av Forsvaret i perioden 2005-2008, overført til kap. 1700 Forsvarsdepartementet, post 1, der utgiftene hører heime (20 mill. kroner).

#### KAP. 1731 HÆREN

Kapitlet er foreslått auka med 92,8 mill. kroner. Auken skuldast ei rekkje omdisponeringar til og frå kapitlet. Kapitlet er tilført midlar i samband med lønnskompensasjonen for 2004 (36 mill. kroner), til å dekkje kostnadene i samband med internasjonale operasjoner (15 mill. kroner), for å styrke oppretninga til deltaking i NATO-beredskap (NRF 4,5 mill. kroner), på grunn av redusert omfang av øvinga "Joint Winter 04" (50 mill. kroner) og for naudsynt styrkjing av tenesta i samsvar med oppdragsmengda (8 mill. kroner). Samstundes er kapitlet redusert i samband med at budsjettansvaret for tannlegestillingar er overført til kap. 1725 (7 mill. kroner) og at budsjettansvaret for Hærens del av etableringa av "Battle Group" i Afghanistan er overført til kap. 1792 Norske styrkar i utlandet (13 mill. kroner).

#### KAP. 1732 SJØFORSVARET

Kapitlet er foreslått auka med 49,6 mill. kroner. Auken skuldast ei rekkje omdisponeringar. Omdisponeringa til kapitlet gjeld styrkjing av slepebåtkapasiteten i Nord-Noreg med KNM Valkyrien (6,9 mill. kroner), auke av Sjøforsvaret sin seglingsaktivitet (10 mill. kroner), lønnskompensasjon (29 mill. kroner), samt netto endringar i samband med regionale støttefunksjoner (9 mill. kroner). Omdisponering frå kapitlet gjeld reduksjonar som er av budsjett-teknisk karakter.

#### KAP. 1733 LUFTFORSVARET

Kapitlet er foreslått redusert med 90,5 mill. kroner. Reduksjonen skuldast omdisponeringar til og frå kapitlet i samband med opprettning av Regional støttefunksjon som tenesteytar til Sjøforsvaret sine avdelingar (10 mill. kroner) og lønnskompensasjon (40 mill. kroner). Omdisponeringane frå kapitlet gjeld tilbakeføring av midlar til statskassen grunna overskridinger i 2003 (139,5 mill. kroner i gjeld). Justert for posteringsar av teknisk karakter, var reell overskridning i 2003 omlag 45 mill. kroner i 2003.

#### KAP. 1734 HEIMEVERNET

Kapitlet er foreslått auka med 20,6 mill. kroner som i hovudsak skuldast lønnskompensasjon (14,4 mill. kroner) og budsjett-tekniske endringar som netto utgjer 6,2 mill. kroner.

#### KAP. 1740 FORSVARETS LOGISTIKKORGANISASJON

Kapitlet er foreslått auka med 185,4 mill. kroner. Auken skuldast ei rekkje omdisponeringar til og frå kapitlet. 160 mill. kroner er tilført kapitlet som meir-inntekter frå kap. 4740, post 1. Inntektene skal dekkje auka kostnadene i samband med eigedom, bygg og anlegg. Kapitlet er vidare tilført midlar i samband med overføring av oppgåver (33 mill. kroner). Omdispone-

ringane frå kapitlet gjeld budsjett-tekniske endringar som netto utgjer 8 mill. kroner. Meirforbruket på kapitlet skuldast seinare omstilling i FLO enn opphaveleg planlagt.

#### KAP. 1760 NYSKAFFING AV MATERIELL OG NYE BYGG OG ANLEGG

Kapitlet er foreslått auka med 25,6 mill. kroner som skuldast finansiering av datavarehusløysing for Forsvarets logistikkorganisasjon (13 mill. kroner), midlar til å dekkje Forsvarsbygg sine aktivitetar i samband med gjennomføring av NATO sitt investeringsprogram for tryggleik (5,5 mill. kroner) og lønnskompensasjon (7 mill. kroner).

#### KAP. 1790 KYSTVAKTA

Kapitlet er foreslått auka med 7,9 mill. kroner som gjeld lønnskompensasjon for 2004.

#### KAP. 1792 NORSKE STYRKAR I UTLANDET

Kapitlet er foreslått auka med 24,1 mill. kroner som gjeld overføring av Hærens del av etableringa av "Battle Group" i Afghanistan (13 mill. kroner) og lønnskompensasjon for 2004 (10 mill. kroner).

#### KAP. 1795 KULTURELLE OG ALLMENNYTTIGE FORMÅL

Kapitlet er foreslått auka med 17,1 mill. kroner grunna auka kostnadene i samband med eigedom, bygg og anlegg (11 mill. kroner), etablering av køyre-tøylager for militærhistoriske køyretøy på Trandum (5,5 mill. kroner) og lønnskompensasjon for 2004 (0,5 mill. kroner).

#### **2.1.2 Post 24 Driftsresultat**

Posten er foreslått redusert med 10,8 mill. kroner.

Det er foreslått ei omfordeling mellom post 24 og post 47 og ein auke på 200 mill. kroner som skuldast at utviklingselementet i husleiga ikkje som tidlegare er medrekna i driftsresultatet. Utvikling er tiltak som er retta mot å oppretthalde verdiane i bygningsmassen og er foreslått finansiert på post 24 der kostnadene etter sin art hører heime. Den samla løvvinga på post 47 vert redusert tilsvarende.

Posten er foreslått redusert med 210,8 mill. kroner grunna inntektssvikt i Forsvarsbygg i 2003. Dette skuldast i hovudsak uteståande husleige frå Forsvarets militære organisasjon.

#### **2.1.3 Post 43 Til disposisjon for Forsvarsdepartementet**

Posten er foreslått redusert med 20 mill. kroner. Løvvinga representerer ein reserve for Forsvarsdepartementet som er foreslått nytta til å dekkje ymse meir-behov på andre kapittel og postar, mellom anna 10 mill. kroner til innleige av revisjonskompetanse for kvalitetssikring av rekneskapsførselen i Forsvaret (jf. endringane i post 1).

#### **2.1.4 Post 45 Store nyskaffingar**

Posten er foreslått auka med netto 46,8 mill. kroner. Auken skuldast ei rekkje omdisponeringar til og frå

posten. Post 45 er foreslått tilført 18,7 mill. kroner til forskning og utvikling (FoU), 2 mill. kroner til utgifter i samband med Noreg si deltaking i ordninga med strategisk sjøtransport i NATO ("Prague Capabilities Commitment"), 4,3 mill. kroner til sambandsmateriell til bruk i internasjonale operasjoner samt 56 mill. kroner til naudsynt styrkjing av posten for å gjennomføre investeringsprosjekt i Forsvaret i 2004. Omdisponeringane frå posten gjeld 24,201 mill. kroner for tilbakeføring av midlar til statskassen grunna overskridinger i 2003 samt 10 mill. kroner som er foreslått overførde til kap. 1732 Sjøforsvaret, post 1, for å auke Sjøforsvaret sin seglingsaktivitet.

#### **2.1.5 Post 47 Nye bygg og anlegg**

Posten er foreslått redusert med 83,2 mill. kroner. Endringane skuldast tekniske endringar i driftsresultatet på post 24 (- 200 mill. kroner) og ei auke for å kunne gjennomføre prioriterte investeringstiltak (116,8 mill. kroner), jf. forklaring under punkt 2.1.2, post 24.

#### **2.1.6 Post 48 Fellesfinansierede byggje- og anleggsarbeid**

Posten er foreslått redusert med 76,5 mill. kroner. Dette skuldast lågare framdrift i NATO-prosjekta enn det ein la til grunn ved utarbeidinga av 2004-budsjetten.

#### **2.1.7 Post 50 Overføring til Statens Pensjonskasse**

Posten er foreslått auka med 50 mill. kroner i samband med finansieringa av meirutgiftar til Statens Pensjonskasse.

#### **2.1.8 Post 51 Forsvarets forskingsinstitutt (FFI)**

Posten er foreslått auka med 9,5 mill. kroner i samband med finansiering av FFI sine meirutgifter som følgje av innføring av kostnadsdekkjande husleige.

#### **2.1.9 Post 70 Renter låneordning**

Posten er foreslått redusert med 5 mill. kroner i samband med eit mindrebehov til rentestønad i Befalets låneneordning.

#### **2.1.10 Post 75 Fellesfinansierede byggje- og anleggsarbeid**

Posten er foreslått redusert med 50 mill. kroner. Dette skuldast lågare utbetalingar til Noregs tilskot til NATO sitt investeringsprogram for tryggleik enn det ein la til grunn ved utarbeidinga av 2004-budsjetten. Årsaka er at det no er fleire NATO-land som deler på utgiftene.

#### **2.1.11 Post 78 Noregs tilskot til NATO sitt driftsbudsjett**

Posten er foreslått auka med netto 35 mill. kroner. Dette skuldast auka utgifter i NATO til krisehandtering og etablering av NATO sin nye kommandostruktur samt høgare kurs på euro. Auken vert dekt gjennom reduksjon på kap. 1760 post 75.

#### **2.1.12 Post 90 Lån til private**

Posten er redusert med 1,017 mill. kroner. Posten er ikkje lenger i bruk.

### **2.2 Inntekter**

Det er registrert netto meirinntekter på 322,5 mill. kroner.

#### **2.2.1 Post 1 Driftsinntekter**

Posten er foreslått auka med netto 160 mill. kroner (kap. 4740). Auken på kap. 4740 gjeld meirinntekter frå sal av materiell (80 mill. kroner), tenester og kurs (34 mill. kroner), leigeinntekter EBA (25 mill. kroner) og refusjonar frå FN/NATO (21 mill. kroner).

#### **2.2.2 Post 45 Store nyskaffingar**

Posten er foreslått auka med 33 mill. kroner. Dette skuldast meirinntekter frå den amerikanske "Foreign Military Sales"-ordninga, royalties og konvensjonalbøter. Meirinntektene vert ført til kap. 1760 post 45.

#### **2.2.3 Post 47 Nybygg og nyanlegg**

Posten er foreslått auka med 175 mill. kroner. Auken skuldast auka tempo i salsprosessar. Auken er ei formalisering av forventa auka inntekter etter innmeldinga til RNB og er ei forskotering av ressursar ved avhending av eigedom som er føresett nytta til omstillinga av Forsvaret (jf. meirinntektsfullmakta i Busjett-innst. S. nr. 7 (2003-2004), jf. St.prp. nr. 1 (2003-2004)).

#### **2.2.4 Post 48 Fellesfinansierede bygg- og anleggsinntekter**

Posten er foreslått redusert med 50 mill. kroner. Dette skuldast lågare framdrift i NATO-prosjekta enn det ein la til grunn ved utarbeidinga av 2004-budsjetten. Reduksjonen vert dekt gjennom nedtrekk på kap. 1760 post 48.

#### **2.2.5 Post 90 Lån til bustadformål**

Posten er auka med 4,5 mill. kroner grunna høgare innfriingstakt enn rekna med på lån gitt til bustadformål. Kap. 1725 post 1 er auka tilsvarende.

### **3. INFORMASJONSSAKER**

#### **3.1 Miljøprosjekt i Bodø**

Prosjektet for miljøtiltak i Bodø vart lagt fram i St.prp. nr. 1 (2003-2004) med ei ramme på 223 mill. kroner og ei planlagt utbetaling på 130 mill. kroner i 2004. Prosjektet har likevel fått redusert framdrift på grunn av likviditetsmessige forhold, og planlagt forbruk i 2004 er 9 mill. kroner. Forsvarsbygg er i dialog med Statens forureiningstilsyn om denne utsettinga. Prosjektet sitt føremål er å oppfylle krava etter forskrift om grenseverdi for lokal luftforureining og støy, og omfattar støyisolering av bustadar og ei forlenging av rullebanen.

Bodø kommune er i gang med eit prosjekt for ny vassforsyning som vil gi ei stor mengd lausmassar i

2004. Kommunen ønskjer difor å selje massane relativt rimeleg til Forsvaret. Det krevst då at Forsvaret alt på hausten 2004 kjøper og får deponert lausmassane som del av forlenginga av rullebanen, men dette er tidlegare enn det som er føresett for framdrifta i prosjektet. Bodø kommune har difor tilbode å forskotttere midlar for at massane skal kunne bli deponerte i takt med framdrifta i vassforsyningssprosjektet. Ordninga er vurdert som ei god løysing både for Bodø kommune og Forsvaret, men den er inngått med etterhald om at Stortinget samtykker i saka.

Sidan Forsvarsbygg hadde eit godt tilbod på handa, og vilkåra frå Bodø kommune var gode, ville oppstart av rullebaneprosjektet i 2004 gi innsparinger i forhold til å vente med oppstart til 2005. Samstundes kjem Forsvarsbygg tidlegare i gang med lovpålagede støyreduse-rande tiltak. Av omsyn til framdrifta i Bodø kommune sitt prosjekt, er arbeida starta opp. Forsvarsbygg har inngått ein avtale med Bodø kommune, men i avtalen er det eit klart etterhald om godkjenning frå Stortinget.

Departementet vil difor foreslå at Stortinget samtykker i at Forsvaret kan ta imot 20 mill. kroner i forskot-tering frå Bodø kommune i 2004, slik at den gunstige avtalen kan gjennomførast. Innan 15. januar 2007 vil Bodø kommune få tilbakebetalt den forskotterte summen saman med betalinga for sjølve lausmassane.

### 3.2 Historisk studie

Noregs heimefrontmuseum arbeidar med ein historisk studie av det britiske "Special Operations Executive" og Noreg under den andre verdskrigen. Då mykje nytt kjeldematerialet er blitt avgradert i Storbritannia i den seinare tid, har prosjektet blitt vesentleg meir tid-krevjande. Samstundes er det blitt endå meir interessant. Forsvarsdepartementet har støtta prosjektet både i 2001, 2002 og 2003. Ved handsaming av Budsjett-innst. S. nr. 7 (2003-2004), jf. St.prp. nr. 1 (2003-2004), vart det gitt 175 000 kroner i støtte. Grunna utvidinga av prosjektet har Forsvarsdepartementet utvida denne støtta til 455 000 kroner i 2004. Med etterhald om godkjenning frå Stortinget, har departementet gitt tilsegn om at prosjektet vil bli støtta med 455 000 kroner også i 2005 og i avslutningsåret for prosjektet, 2006.

## 4. KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Gunnar Halvorsen, lederen Marit Nybakk og Rita Tveiten, fra Høyre, Bjørn Hernæs og Åge Konradsen, fra Fremskrittspartiet, Per Roar Bredvold og Per Ove Width, fra Sosialistisk Venstreparti, Kjetil Bjørklund, fra Kristelig Folkeparti, Åse Wisløff Nilssen, og fra Senterpartiet, Marit Arnstad, viser til Innst. S nr. 92 (2003-2004), jf. St.prp. nr. 20 (2003-2004), fra for-

svarskomiteen om endringer på statsbudsjettet for 2003 under Forsvarsdepartementet. Komiteen vil videre vise til at en samlet komité der hadde følgende anmerking:

"Komiteen har videre merket seg at departementet har måttet redusere 2003-budsjettet innenfor de store budsjettkapitlene på grunn til dels store overskridelser i 2002.

Komiteen vil vise til at dette svekker årets budsjett og vil be om at Forsvaret forsøker å overholde budsjettene når omdisponeringsproplosjonen er vedtatt. I motsatt fall vil forsvarsbudsjettet måtte slite med et kontinuerlig etterslep."

Komiteen er nå kjent med at Riksrevisjonen ikke har godkjent Forsvarets regnskap for 2003 og viser i den forbindelse til behandling i Stortingets kontroll- og konstitusjonskomité.

Komiteen har merket seg at det også for 2004 er avvik mellom vedtatt budsjett og faktisk forbruk. Komiteen vil i den forbindelse vise til at kap. 1740 Driftsutgifter for Forsvarets logistikkorganisasjon (FLO) i proposisjonen foreslås økt med over 185 mill. kroner i forhold til vedtatt budsjett, at kap. 1725 Fellesinstitusjoner og utgifter blir redusert med nærmere 315 mill. kroner, og at driftsutgifter for Hæren under kap. 1731 blir økt med 92,7 mill. kroner.

Komiteen er innforstått med mindre avvik og uforutsette utgifter, men vil samtidig understreke betydningen av at Forsvaret utarbeider så realistiske budsjetter som mulig.

Komiteen har for øvrig merket seg at grunnlaget for omgrupperinger bl.a. er forsvarssektorens del av lønnskompensasjoner for 2004, samt andel av kompen-sasjon til statlige virksomheter som følge av innføring av el-avgift. Dette i tillegg til endringer og fullmakter fra Stortinget til Finansdepartementet. Komiteen vil bemerke at tross disse pålagte endringene er avviket fra Budsjett-innst. S. nr. 7 (2003-2004), jf. St.prp. nr. 1 (2003-2004) tilsynelatende stort.

Komiteen har merket seg inntektssvikten til Forsvarsbygg på grunn av uteslående husleie for 2003 fra Forsvarets militære organisasjon, og ber departementet innskjerpe at fakturaer skal betales i tide. Det vises her både til Riksrevisjonens antegninger for 2003 og til statsrådens svar til Stortingets forsvarskomite datert 10. november 2004.

Komiteen har merket seg at Sjøforsvaret foreslås økt med 49,6 mill. kroner og at dette bl.a. gjelder styrking av Slepebåtkapasiteten i Nord-Norge og økning av seilingskapasiteten. Komiteen har videre merket seg at økningen på kap. 1792 Norske styrker i utlandet økes med 24,1 mill. kroner og at dette bl.a. dreier seg om overføring av Hærens del av etablering av Baltic Group i Afghanistan.

Komiteen er fornøyd med at det i proposisjonen tas grep for å øke framdriften av Prosjektet for Miljøtiltak.

## 5. KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen viser til proposisjonen og det som står foran, og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2004 blir det gjort følgjande endringer:

Kap.	Post	Formål:	Kroner
Utgifter:			
1700		Forsvarsdepartementet	
	1	Driftsutgifter, vert auka med .....	40 634 000
		frå kr 250 383 000 til kr 291 017 000	
1710		Forsvarsbygg og nye bygg og anlegg	
	24	Driftsresultat, vert redusert med .....	10 800 000
		frå kr -709 000 000 til kr -719 800 000	
	47	Nye bygg og anlegg, <i>kan overførast</i> , vert redusert med .....	83 181 000
		frå kr 1 579 522 000 til kr 1 496 341 000	
1719		Fellesutgifter og tilskott til føretak under Forsvarsdepartementet	
	1	Driftsutgifter, vert auka med .....	30 348 000
		frå kr 260 455 000 til kr 290 803 000	
	43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet, vert redusert med .....	20 000 000
		frå kr 20 000 000 til kr 0	
	51	Tilskot til Forsvarets forskingsinstitutt, vert auka med .....	9 500 000
		frå kr 153 604 000 til kr 163 104 000	
	71	Overføring til andre, <i>kan overførast</i> , vert redusert med .....	344 000
		frå kr 55 117 000 til kr 54 773 000	
	78	Noregs tilskot til NATO sitt driftsbudsjett, <i>kan overførast</i> , vert auka med ...	35 000 000
		frå kr 132 000 000 til kr 167 000 000	
1720		Felles leiring og kommandoapparat	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med .....	41 588 000
		frå kr 1 203 605 000 til kr 1 162 017 000	
1723		Nasjonal sikkerhetsmyndighet	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med .....	2 125 000
		frå kr 95 569 000 til kr 93 444 000	
1725		Fellesinstitusjonar og -utgifter under Forsvarsstaben	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med .....	314 796 000
		frå kr 2 725 019 000 til kr 2 410 223 000	
	50	Overføringar til statsinstitusjonar, <i>kan overførast</i> , vert auka med .....	50 000 000
		frå kr 127 753 000 til kr 177 753 000	
	70	Renter låneordning, <i>kan overførast</i> , vert redusert med .....	5 000 000
		frå kr 8 885 000 til kr 3 885 000	
	90	Lån til private, <i>kan overførast</i> , vert redusert med .....	1 017 000
		frå kr 1 017 000 til kr 0	
1731		Hæren	
	1	Driftsutgifter, vert auka med .....	92 798 000
		frå kr 3 929 522 000 til kr 4 022 320 000	
1732		Sjøforsvaret	
	1	Driftsutgifter, vert auka med .....	49 598 000
		frå kr 2 698 153 000 til kr 2 747 751 000	
1733		Luftforsvaret	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med .....	90 545 000
		frå kr 3 568 066 000 til kr 3 477 521 000	
1734		Heimevernet	
	1	Driftsutgifter, vert auka med .....	20 595 000
		frå kr 1 109 335 000 til kr 1 129 930 000	
1735		Etterretningsstenesta	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert auka med .....	8 000 000
		frå kr 671 057 000 til kr 679 057 000	
1740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	1	Driftsutgifter, vert auka med .....	185 439 000
		frå kr 1 508 754 000 til kr 1 694 193 000	

Kap.	Post	Formål:	Kroner
1760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg	
	1	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 1760 post 45</i> , vert auka med ..... frå kr 709 228 000 til kr 734 904 000	25 676 000
	45	Større utstyrskaffingar, <i>kan overførast</i> , vert auka med ..... frå kr 7 399 256 000 til kr 7 446 053 000	46 797 000
	48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del, <i>kan overførast</i> , vert redusert med ..... frå kr 210 100 000 til kr 133 600 000	76 500 000
	75	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, Noregs tilskot til infrastruktur- programmet i NATO, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under kap. 1760 post 44</i> , vert redusert med ..... frå kr 130 000 000 til kr 80 000 000	50 000 000
1790		Kystvakta	
	1	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 694 131 000 til kr 702 075 000	7 944 000
1791		Redningstenesta	
	1	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 23 862 000 til kr 24 114 000	252 000
1792		Norske styrkar i utlandet	
	1	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 700 000 000 til kr 724 127 000	24 127 000
1795		Kulturelle og allmennnyttige formål	
	1	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 143 987 000 til kr 161 139 000	17 152 000
		Inntekter:	
4710		Forsvarsbygg og nye bygg og anlegg	
	47	Sal av eide dom, vert auka med ..... frå kr 295 000 000 til kr 470 000 000	175 000 000
4725		Fellesinstitusjonar og -inntekter under Forsvarsstabben	
	1	Driftsinntekter, vert redusert med ..... frå kr 78 648 000 til kr 45 568 000	33 080 000
	90	Lån til bustadformål, vert auka med ..... frå kr 4 935 000 til kr 9 435 000	4 500 000
4731		Hæren	
	1	Driftsinntekter, vert redusert med ..... frå kr 69 402 000 til kr 39 402 000	30 000 000
4732		Sjøforsvaret	
	1	Driftsinntekter, vert redusert med ..... frå kr 45 991 000 til kr 26 598 000	19 393 000
4733		Luftforsvaret	
	1	Driftsinntekter, vert redusert med ..... frå kr 107 995 000 til kr 53 997 000	53 998 000
4740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	1	Driftsinntekter, vert auka med ..... frå kr 21 570 000 til kr 318 041 000	296 471 000
4760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg	
(Ny) 45		Store nyskaffingar, vert løyvd med .....	33 000 000
	48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsinntekter, vert redusert med ..... frå kr 216 638 000 til kr 166 638 000	50 000 000

## II

*Diverse fullmakter*

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet får fullmakt til å ta imot lausmassar og forskottering av 20 mill. kroner frå Bodø kommune i samband med gjennomføringa av rullebaneprosjektet i Bodø som omtala i St.prp. nr. 21 (2004-2005).

Oslo, i forsvarskomiteen, den 26. november 2004

**Marit Nybakk**  
leder og ordfører